

## **Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 4. februar 2025 kl. 10.00- 14.00 på Lien Fjellgard i Svartdal**

### **Til stades:**

Regionleiar og ordførar i Kviteseid Tarjei Draugedal

Regionnestleiar og ordførar i Seljord Solveig Sundbø Abrahamsen

Ordførar i Vinje Jon Rikard Kleven

Ordførar i Nissedal Ian Parry-Jones

Ordførar i Tokke Jarand Felland

Varaordførar i Fyresdal Elise Lauvrak

Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter

Kommunedirektør i Seljord Beate Våge Lia

Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje

Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen

Kommunedirektør i Vinje Jan Myrekrok

Statsforvaltar i Vestfold og Telemark Trond Rønningen

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Thorleif Vikre

Administrativ representant frå Telemark fylkeskommune Lars Haukvik

KS rådgjevar Didrik Bakken

Dagleg leiar i VTR Anne Aasmundtveit

Utviklingsleiar i VTR Torunn Raftevold Rue

Digitaliseringsleiar i VTR Hans Inge Hagen

Masterstudent Sophie Yatman

### **Forfall:**

Ordførar i Fyresdal Erik Skjervagen

Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Martine Tinderholt Øverland

### **Sak 01/2025 Referatsaker**

- Referat førre møte
- Bygdevekstavtale

**Vedtak:**        *Referatsaker vart tatt til orientering.*

## **Sak 02/2025 Orienteringar**

- Status søknader prosjektstillingar:
  - Det har kome 10 søknader til Småbruks- og berekraftsprosjektet og 1 søknad til landbruksprosjektet *God agronomi i det grøne skiftet*.
  - Ulike modellar for å utvide prosjektet i stillingsstorleik og innhald vart presentert.
- Vest-Telemarkrådet sine nye heimesider vart presentert.

**Vedtak:** *Landbruksprosjektstillinga vert kombinert med arbeid knytt til Bygdevekstavgift sin handlingsplan slik at stillinga vert lyst ut i 100% for perioden 2025-2027.*

## **Sak 03/2025 Høyringsuttale til Postutvalet sin rapport**

**Vedtak:** *Den einkilde kommune skriv si eiga høyringsuttale.*

## **Sak 04/2025 Rullering av klimaplanen sin handlingsplan**

Status handlingsplan ved masterstudent Sophie Yatman

Innspel i møtet frå Jon Rikard Kleven om at klimaplan blir eit tema på eit tingmøte.

- Vedtak:**
- 1) Vest-Telemarkrådet vedtek å starte opp arbeidet med å revidere handlingsdelen i klimaplanen for Vest-Telemark i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.*
  - 2) Vest-Telemarkrådet og klimaforumet vil omarbeide handlingsdelen før han vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.*
  - 3) Høyringsperioden blir koordinert av Vest-Telemarkrådet, og innkomne høyringsinnspel vil bli samanfatta og vurdert av klimaforumet.*
  - 4) Revidert handlingsplan vil etter høyring, kome opp som sak i Vest-Telemarkrådet og deretter i kvar av kommunane.*
  - 5) Tiltaksdelen vert rullert 2. kvart år.*

## **Sak 05/2025 Handlingsplan for likestilling og mangfald/Gender Equality Plan (GEP) for Vest-Telemarkrådet**

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne Handlingsplan for likestilling og mangfald.*

## **Sak 06/2025 Framlegg til sakliste for Vest-Telemarktinget 29. – 30. april 2025**

Innspel frå Jarand Felland: Synfaring på Dalen Mekaniske og Brunvoll Mar-El. Tokke kraftverk kan og vera eit alternativ. Desse tre skaper mange arbeidsplassar innan industri i Vest-Telemark.

Forslaget frå AU om at VTK og Telefiber blir invitert, var fordi formannskapa skal få meir kjennskap til det kommunane eig.

Felles klimaplan for Vest-Telemark blir innarbeidd i programmet på Vest-Telemarktinget (ikkje nødvendigvis dette første møtet, kanskje neste tingmøte).

**Vedtak:** *Arbeidsutvalet innarbeider innspel frå rådet i det framlagte forslaget og legg saka fram på nytt i Vest-Telemarkrådet 18. mars 2025.*

**Sak 07/2025 Rekruttering av fosterheimsfamiliar i Vest-Telemark**

**Vedtak:** *Ordførarane blei med på videosnutt for å marknadsføre rekruttering av fosterheimar.*

**Sak 08/2025 Skjønnsmiddelsøknad 2025**

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet søker 1 mill kr i skjønnsmidlar til det 3-årige Småbruks- og berekraftsprosjektet.*

**Sak 09/2025 Orientering frå rådsmøta til kommunestyra**

**Vedtak:** *Administrasjonen utarbeider eit kort notat frå kvart rådsmøte som ordførarane kan nytte som manuskript ved behov.*

**Sak 10/2025 Eventuelt**

1. Oppmoding om deltaking på Pilgrimsvandring 26. august eller 27. august.  
26. august er det rådsmøte. 27. august kan vera aktuell.  
Rådet drøfta deltaking og konkluderte med at det kan vera aktuelt at ein kommunedirektør og ein ordførar er med på vandringa; ikkje nødvendigvis alle.
2. Gjeldsrådgevar – 60 % av dei som tek kontakt med gjeldsrådjevaren, er ikkje NAV-kundar. NAV-kontora er ikkje tilgjengelege for å ha slike møte med kundane. Kontora vart lagt ned for drop-in, men dei vart ikkje lagt ned for andre møte med brukarar/kundar.  
Oppklaring i møtet: Gjeldsrådjevaren kan booke seg inn som før i den enkelte kommune. Kommunedirektørane arbeider vidare med denne saka.